

NotatDato: 01.02.2018
Arkivsak: 2014/16021-90
Saksbehandlar: handyrn

Til: Prosjektleder Merethe Mæland

Frå: Hanne Camilla Dyrnes, sekretær for AMU fylkesadministrasjonen

Uttale frå AMU fylkesadministrasjonen om nytt fylkeshus

Prosjektleder Merethe Mæland orienterte om prosjektgruppa sin førebelse rapport og tilrådinga frå konsultentselskapet «Signal» om kontorkonsept i AMU fylkesadministrasjonen sitt møte 25. januar 2018. Etter ei drøfting gjorde AMU fylkesadministrasjonen slikt vedtak:

1. AMU sluttar seg til prosjektgruppa si anbefaling om aktivitetsbasert konsept for framtidig kontorløsning i HFK.
2. Utvalet presiserer at det er arbeidsgivar som har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. Uavhengig av kva kontorkonsept ein går for, må tilhøva bli lagt til rette for at mange arbeidsoppgåver krev ro pga kompleksitet og krav til fortrulegheit av ulike grunnar. Det må på denne bakgrunn skje ei grundig kartlegging av roller og oppgåver i organisasjonen før romprogram for nytt fylkeshus vert fastsett. I prosessen må det bli lagt vekt på stor grad av medverknad.
3. AMU har over tid behandla ei rekke saker knytt til tilstanden på HFK sine lokalar både i fylkeshuset og i bygg der vi er leigetakarar. AMU er uroa med omsyn til helse, miljø og sikkerheit, og vil på denne bakgrunn presisere at det må bli lagt sterkt trykk på arbeidet med å realisere nye lokale.
4. AMU ber om at det vert utarbeidd plan for informasjon og medverknad for prosessen knytt til nytt fylkeshuset.